



## MØTEPROTOKOLL

## A

**Utval:** Ulstein kontrollutval  
**Møtestad:** Ulstein rådhus, møterom Kommunestyresalen  
**Dato:** 14.05.2020  
**Tid:** 08.00 – 11.48.

### Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Mork	Leiar
Knut Kleiven	Medlem
Berit Lyngstad	Medlem
Gerd Bang Brevik	Medlem

### Faste medlemmer som ikkje møtte:

Asbjørn Gausdal	Nestleiar
-----------------	-----------

### Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for
Vivian Roppen	Asbjørn Gausdal

### Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar Vest Kontroll
Jorunn Sandal	Spesialrådgivar i Vest kontroll

### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor/registrert revisor frå sak 21

### Frå administrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Verner Larsen	Kommunedirektør. I sakene 20, 21, 22, 24, 25
Aage Christensen	Dagleg leiar i UEKF. I sakene 21, 24
Rune Urke	Tidlegare dagleg leiar i UEKF. I sakene 21, 24
Steinar Nummedal	Økonomileiar. I sakene 24 og 25

## **SAKLISTE**

- SAK 16/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 17/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 18/20 MELDINGAR
- SAK 19/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 20/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN OM KORONATILTAK M.M.
- SAK 21/20 ORIENTERING FRÅ UEKF OM BYGGING AV NY ULSTEIN BARNESKULE
- SAK 22/20 KOMMUNEDIREKTØREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 23/20 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOM KF
- SAK 24/20 REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF
- SAK 25/20 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSRAPPORT 2019

SAKER SOM MÅTTE KOMME TIL.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/20	033	01.04.2020	14.05.2020	KS

## **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL**

### **Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene skal takast i slik rekkefølge: 16, 17, 18, 19, 21, 24, 20, 22, 23 og 25.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Knut Kleiven.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/20	049	01.04.2020	14.05.2020	KS

## **GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 11.03.2020.

### **Vedlegg**

Møteprotokollen frå møtet 11.03.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/20	033&17	01.04.2020	14.05.2020	KS/JS

## **MELDINGAR**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

### **Vedlegg**

Frå bladet Kommunal økonomi, nr 3. 2020 – «Ny inkassolov raserer kommunal innkreving».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/20	033&58	06.05.2020	14.05.2020	KS

## **GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020**

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet viser til det digitale kommunestyremøtet og ber om utgreiing frå sekretariatet om møtet vart arrangert i samsvar med gjeldande regelverk, særleg m.o.t lukking av møte i sak 23.04.2020.
2. Kontrollutvalet har elles ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar på noverande tidspunkt.

### **I møtet**

Protokolltilførsel frå kommunestyremøtet 23.04.2020 vart delt ut av leiar.

## Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.).

Dokumenta finn ein på Ulstein kommune si heimeside -

<https://innsyn.ulstein.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

### Møteprotokollar til gjennomgang (merka med feit skrift):

Administrasjonsutvalet:		<b>21.04</b>
Arbeidsutvalet for utgreiing av kommunal barnehage:		
Fellesrådet:	28.01	<b>14.04</b>
Formannskapet:	04.02	<b>21.04</b>
Formannskap som klageorgan:		
Klagenemnd eigedomskatt:		
Kommunestyret:	13.02	<b>23.04</b>
Levekårsutvalet:	29.01	<b>15.04</b>
Nammenemnda:		
Skattetakstnemnda:	13.02	
Styret i UEKF:	27.01	
Teknisk utval:	27.02	<b>16.04</b>
Ungdomsrådet:		
Valstyret:		
Valutval:	03.02	
Viltnemnda		
SSR IKS – styret		Sendt til leiar
SSR IKS – representantskapet		Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/20	030&18	06.05.2020	14.05.2020	KS/JS

## ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN OM KORONATILTAK M.M.

### Samrøystes vedtak

Orienteringa frå kommunedirektøren vert teke til vitende.

### I møtet

Kommunedirektør Verner Larsen orienterte og svara på spørsmål:

- Lite smitte i kommunen, likevel grunn til varsemnd framover
- Særlege tiltak sett i verk på sjukeheimen som krev høgare bemanning
- Plan for innretting på sjukeheimen for behandling av coronapasientar
- Desinfeksjonsmaskin for reingjering av rom på sjukeheimen
- Normaliserer aktiviteten på legekantoret
- Ein testar med mistanke
- Det var innkjøpt medisrobotar
- På skulen startar dei no opp med klasseroms undervisning etter kvart
- Utfordringar knytt til dei største klassane grunna storleiken på klasseroma, difor blanding av undervisning på skulen og heime
- Utfordringar knytt til skuleskyss no, men foreldra er flinke å køyre
- I barnehagane er borna inndelte i mindre grupper

- Enkelte grupper har miste tilboda sine, då det bl.a vart innført restriksjonar for støttekontaktar
- Helsestasjonen driv oppsøkande verksemd
- Dagplass demente stengte ned, men er no opna opp igjen
- På sjukeheimen organiserte dei møte med pårørande på altanen
- Mykje læring i smittevern for alle tilsette i kommunen
- Revidert nasjonalbudsjett var skuffande m.o.t. kompensasjonar for kommunen
- Kommunen har fått lærdom i bruk av digitale løysingar

Leiaren i kontrollutvalet foreslo at utvalet seinare får orientering frå ordførar og kommunedirektør om utvikling av velferdsteknologi.

### **Saksopplysningar**

Kommunedirektøren orienterer om koronatiltaka til kommunen samt mulige konsekvensar framover.

<b>Saknr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>21/20</b>	030&18	06.05.2020	14.05.2020	KS/JS

## **ORIENTERING FRÅ UEKF OM BYGGING AV NY ULSTEIN BARNESKULE**

### **Samrøystes vedtak**

Orienteringa frå dagleg leiar i UEKF, tidlegare dagleg I UEKF og kommunedirektør vert teken til vitende.

### **I møtet**

Dagleg leiar Aage Christensen, tidlegare dagleg leiar Rune Urke og kommunedirektør Verner Larsen orienterte og svara på spørsmål om bygging av ny Ulstein barneskule.

- Kalkyle på 85 mill. Ramme på 75 mill. Dei set i verk tiltak for å få kostnaden ned. Bl.a. reduksjon med 9 til 6 klasserom.
- Opsjon på 2 etasje.
- Gamlebygget skal fortsatt brukast
- Anbudsfrist 10.06.2020
- Saka skal opp i styret i UEKF 15.06.2020
- Det nærmaste utområdet er med i prosjektet, men ikkje det store
- Det store uteområdet må kome som nærmiljøprosjekt

### **Vedlegg**

Orienteringsdokument.

### **Saksopplysningar**

Dagleg leiar Aage Christensen og tidlegare dagleg leiar Rune Urke orienterer om bygging av ny Ulstein barneskule.

Som varsla innleiingsvis i møtet måtte Berit Lyngstad gå kl. 09.20.

Berit Lyngstad fekk permisjon frå resten av møtet. Ho forlet møtet før det vart gjort avstemming i sak 21.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/20	033	04.03.2020	14.05.2020	JS/KS

## KOMMUNEDIREKTØREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den gjensidige orienteringa til vitende.

### I møtet

Kommunedirektøren tok særskild fram:

Open dialog med kontorutvalet

Felles interesse i at kontrollsystem og struktur blir best mulig

Og så leis samarbeide om felles mål

Vil bli informert tidleg om kontrollutvalet har fokus på område under hans ansvarsområde

Gjeld saka kommunedirektør personleg så varsl tidleg ordføraren

Felles omdømebygging viktig

Jobbar for at alle kostnader må vere kjende når prosjekt vert i orden før avgjer og oppstart

Meir og utvida bruk av eigedomsselskapet

Prioriterte område for kommunedirektøren framover:

Innkjøp, korrupsjon/økonomisk kriminalitet

Prosjekt

Økonomistyring

GDPR

Drøfta om å få til kurs Vest kontroll og kommunen på økonomisk kriminalitet og datakriminalitet.

Kontrollutvalet og Vest kontroll tok fram det gode samarbeidet med kommunedirektøren.

### Saksopplysningar

- Kommunedirektøren har ikkje møte- og talerett i kontrollutvalet, slik som ordføraren.
- Det kan likevel vere ynskjeleg at kommunedirektøren er med i enkelte møte eller deler av møta, då i spesielle saker.
- Det bør vere slik at kommunedirektøren får høve til å gi informasjon, generell og spesielt i kontrollutvalsmøta. Då bør han gi signal om dette i rimeleg tid før møta, slik ein får setje det opp på saklista. Gjerne gi opp tidspunktet han kan kome.
- Kommunedirektøren bør og ta seg tid til å kome å orientere etter oppmoding frå kontrollutvalet/leiar/sekretariat.
- Kommunedirektøren har sjølv høve til å avgjere om han sjølv orienterer, han har med seg nokon til å gjere det eller sender nokon.
- I ein del høve ynskjer kontrollutvalet orientering av ein bestemt person. Er det det då greitt at kontrollutvalet v/sekretariatet kontaktar denne direkte (m/evt. kopi/melding til kommunedirektøren) eller vil kommunedirektøren at innkallinga skal gå gjennom han.
- Vi snakkar heile tida om ein god dialog.
- Ein må vere klar over at det til tider vil kom opp saker der det er usemje om, i om med at det er ulike roller. Det er viktig at alle har klart for seg at det dreier seg då om den enkelte saka og ikkje må få følger ein elles gode dialog i andre saker.
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og kommunedirektøren ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og kommunedirektøren er viktig, ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/20	216	06.05.2020	14.05.2020	JoS

## REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOM KF

### Samrøystes vedtak

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2019.

### I møtet

Leiaren tok opp spørsmålet om å lukke møtet for å få revisor sin gjennomgang av B-dokument samt å stille spørsmål i tilknytninga til gjennomgangen.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommuneleva § 11-5, 2. lekk b, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll.

Møtet vart lukka kl. 10.25.

Etter orienteringa vart møtet opna igjen kl. 11.

Vedtaket vart gjort i ope møte.

### Vedlegg:

Statusoversikt og kontroll for 2019. Unnateke offentleg innsyn jf. Offentleglova § 24 1. lekk

### Saksopplysningar

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre.

I Kommuneleva frå 1992 § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet sin oppgave er utdjupe i kontrollutvalgsforskrifta som var heimla i kommuneleva frå 1992 (1994) § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

I Kommuneleva av 2018 § 23-3 a står det: «Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

I Forskrift om kontrollutval og revisjon (2019):

«§ 3. Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. På førespurnad til NKRF får ein opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det ikkje vil verte vesentlege endringar i høve på-sjå ansvaret overfor finansiell revisjon/årsrekneskapet.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Under finn ein kva som er gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.  
*Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Kvalifikasjonskrav og praksis er dermed følgd opp.*
2. Krav tilandel for oppdragsansvarleg.  
*Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Vandelsattest er nødvendig for å få registrering.*
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit.  
*Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.*
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet.  
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig. Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit fortløpande og rapporterer om eventuelle endringar.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.  
*Kontrollutvalet sin kunnskap til kva revisjonsarbeidet omfattar er opparbeida gjennom utdanning, yrkeserfaring, erfaring med revisjonseiningar, skriftlege og munnlege orienteringar frå revisjonen. M.a. i høve godkjenning av planleggingsdokumentet datert 24.09.2019, sak 29/19 og forbundsbasert kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll var i 2016. Godkjent resultat vart formidla til kontrollutvalet som melding. I tillegg ligg det føre for kontrollutvalet, jf. vedlegg til saka, Statusoversikt og kontroll for 2019, og konklusjon Dette dokumentet er unnateke offentleg innsyn, jf. Offl. § 24, 1. lekk).*

*Desse dokumenta omhandlar oversikt over revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon*

*Frå oppsummeringa av revisjonen sitt arbeid:*

*Konklusjonsmoment gir grei oversikt.*

*Totalkonklusjon:*

*Det er ikkje avdekka feil i revisjonsarbeidet, som ikkje har blitt endra utover det som blir nemnd nedanfor, Det er ikkje grunnlag for å kunne konkludere at det ligg føre*



vesentlege feil som ikkje har blitt avdekka som vil påvirke vesentlegheitsgrensa slik den vert overskriden, fastsett til kr 4,9 mill.

Revisor informerer likevel om vedkommande kommunerekneskapet:

1. Balansen og note vedkommande pensjonskostnadar viser eit premieavvik. Dette er ei rekneskapsteknisk anordning av betalte pensjonskostnadar og inga reell fordring.
2. Beløpa i årsrekneskapen viser vesentlege avvik i forhold til regulert budsjett på eit av rammeområda. Avviket er gjort greie for i årsmeldinga.

Årsrekneskapen kan leggjast fram slik den ligg føre.

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.  
*Kontrollutvalet har inngått samarbeidsavtale med revisjonen.*
7. Revisjonsstrategi.  
*Revisor har utarbeida revisjonsstrategi/revisjonsplanlegging for året. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 29/19.*
8. Nummerert brev.  
*Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.*
9. Misleghald.  
*Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om misleghald i året.*
10. Revisjonsmeldinga.  
*Revisjonsmeldingar ligg føre. Revisjonsmelding for Ulstein Kommune er datert 04.05.2020. Tilsvarende til Ulstein Eigedom KF har dato 24.04.2020.*
11. Revisor sin møteplikt og møterett.  
*Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.*
12. Revisor sin opplysningsplikt.  
*Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.*

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/20	037	06.05.2020	14.05.2020	JoS

## REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

### Samrøystes uttale:

- 1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 24.04.2020.
- 2 Kontrollutvalet meiner den framlagde særrekneskapen for Ulstein Eigedomsselskap KF kan godkjennast.

Særrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på kr 192 981  
og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0

Årsrekneskapen består av:

- ✓ balanse per 31.12.2019
- ✓ driftsrekneskap
- ✓ investeringsrekneskap
- ✓ notar, inkl. eit samandrag av viktige rekneskapsprisnipp

### I møtet

Dagleg leiar, tidlegare dagleg leiar, kommunedirektør og økonomileiar orienterte og svarta på spørsmål.

## **Vedlegg**

1. Styret si behandling av årsrekneskap og årsmelding, Møte 04.05.2020, og styresaka signert av dagleg leiar, ikkje datert.
2. Revisjonsmelding 2019. Datert 24.04.2020 og Fullstendigerklæring 2019. Datert 22.04.2020.
3. Rekneskapen 2019.
4. Årsmelding 2019.
5. Finansrapport 2019.

## **Saksopplysningar**

Viser til vedlegga til saka, kontrollutvalssak 23/20 - Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2019 samt gjennomgangen i møtet.

Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på -kr 192 981 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0.

## **Revisjonsmeldinga**

Revisor sin konklusjon om særrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ulstein Eigedomsselskap KF pr 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av særrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Driftsutgiftene i årsrekneskapen viser eit meirforbruk i forhold til budsjett med 6,4%.
- Opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

## **Rekneskapen**

Viser til dokumentet. Sjå særleg notane 1 til 6. Vi kan ikkje sjå at styreleiar si godtgjerse kjem fram. Vi oppmodar om å gje slik informasjon for framtida.

## **Årsmeldinga**

Årsmeldinga inneheld mykje interessant informasjon.

Vi vil peike særskilt peike på:

1. Årsaker til avvik mellom driftskostnadar og budsjett og avviksanalyse framkjem side 12 og 13.
2. Sjukefråveret har vore høgt i 2019. Det skuldast langtidsfråver, sjå side 13

## **Finansrapport**

Viser til dokumentet som er vedlagt.

## **Styret i UEKF**

Styret handsama årsrekneskapen og årsmeldinga i møte 4.5.2020.

Styret sitt samrøystes tilråding finn ein i vedlegg 3 «Styresaka» med overskrifta «Fellesframlegg som vart vedteke samrøystes». Dokumentet er utan sidenummer.

### Avslutning

- Revisjonsmeldinga inneheld ikkje noko atterhald eller presisering, men informerer om budsjettavvik
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og
- gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ulstein Eigedomsselskap KF per 31.12.2019 og
- resultatet for rekneskapsåret per denne datoen som er i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar
- Revisjonen har elles ingen merknadar til det framlagde rekneskapet for 2019

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/20	212	06.05.2020	14.05.2020	JoS

## KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSRAPPORT 2019 ULSTEIN KOMMUNE

### Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 04.05.2020.
2. Kontrollutvalet meiner at Ulstein kommune sitt årsrekneskap for 2019 kan godkjennast.  
Årsrekneskapet viser eit netto driftsresultat på kr 3 452 240 og eit rekneskaps messig meir /mindreforbruk på kr 0.

Årsrekneskapen er sett saman av:

- ✓ balanse per 31.12.2019
- ✓ driftsrekneskap
- ✓ investeringsrekneskap og økonomiske oversikter
- ✓ notar medrekna samandrag av viktige rekneskapsprinsipp

### I møtet

Kommunedirektør Verner Larsen og økonomileiar Steinar Nummedal orienterte og svara på spørsmål.

Dei orienterte spesielt om premieavviket vedkomande pensjonskostnad og om avvik på rammeområda som det og er gjort greie for i årsmeldinga.

### Vedlegg

1. Revisjonsmelding for 2019 datert 4. mai 2020
2. Rekneskap 2019
3. Årsrapport 2019

### Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsrapport for 2019.

Driftsrekneskapen viser kr 497 045 646 til fordeling drift. (kr 490.705.417 i 2018)  
Det kjem fram at rekneskapen av avslutta med eit netto driftsresultat på kr 3 452 240 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0 (rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 97.534 i 2018).

## Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2019 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimeleg samsvar med regulert budsjett, men viser avvik på eit rammeområde som er gjort greie for i årsmeldinga.
- Eigelssida i balansen og note vedkommande pensjonskostnader inneheld premieavvik. Dette er ikkje noko reelt krav.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

## Rekneskap 2019

Rekneskapen inneheld dei obligatoriske skjema;

- 1A Driftsrekneskapet
- 2A Investeringsrekneskapet

Notane «1 til 18» gir god informasjon.

Viser elles til det detaljert rekneskap med investeringsrekneskap og balanse samt samandrag av driftsrekneskapen etter tenesteområde.

Revisjonsmeldinga og rekneskapen for Ulstein Eigedom KF med notane 1-6 ligg ved rekneskapen.

## Årsrapport 2019

Årsrapporten inneheld mykje interessant informasjon.

Den viser Etatsvise oversikter frå side 45 og Avdelingsvise oversikter frå side 54.

Organisasjon og økonomi frå side 23 – særleg viktig informasjon for rekneskapen.

Vi vil spesielt peike på:

1. Driftsnivået.

Netto driftsresultat i % av driftsinntektene utgjør i 2019	0,44%.
Dette er vesentleg lavare enn måltalet tilrådd frå	
Teknisk Berekningsutval på	1,75%
side 40.	
2. Den høge lånegjelda, side 41

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter utgjør for Ulstein	186%
For gjennomsnittet for kommunane i Møre og Romsdal	105%
Landsgjennomsnittet ex Oslo	84%

Etter kommunelova § 48 nr 5 skal det årsrapporten opplystast om tilhøve som er viktige for å bedømme kommunen si økonomiske stilling og resultatet for verksemda som ikkje går fram av årsrekneskapen, samt andre tilhøve av vesentleg betydning for kommunen. Dette er i stor grad følgt opp.

Det er og eit krav at det i årsrapporten skal gjerast greie for tiltak som er sett i verk og planlagde tiltak for å sikre høg etisk standard for verksemda. Dette burde kome tydelegare fram i årsmeldinga, noko som bør forberast i framtidige årsrapportar.

Det vert elles vist til sjølve årsrapporten som er oversiktleg og gir god informasjon.

### **Avslutning**

- Revisjonsmeldinga inneheld ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, men revisor informere om at:
- vesentleg budsjettoverskriding på eit rammeområde er omtala i årsmeldinga
- premieavviket som er ført opp som eigedel i balansen er ikkje noko reelt krav
- årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2019 og
- resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2019.

### **Møtet slutt.**

Ivar Mork  
Leiar

Knut Kleiven  
Medlem

**Utskift til:** Kommunestyret som melding.  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.  
Ordførar og kommunedirektør til orientering.